



Stiftinga Telemarkfestivalen

Årsrapport for 2017

Resultatrekneskap

Balanse

Notar

Revisors beretning

Årsmelding

Resultatrekneskap for 2017

Stiftelsen Telemarkfestivalen

	Note	2017	2016
Salsinntekt		656 986	614 397
Statstilskot	2	850 000	850 000
Anna tilskot	2	322 037	363 321
Anna driftsinntekt		212 912	193 767
Sum driftsinntekter		2 041 935	2 021 485
Varekostnad		-17 613	-55 186
Løn og sosiale kostnader fast tilsette	3	-371 835	-468 386
Løn / honorar artistar og andre		-593 042	-698 893
Andre driftskostnader	3	-953 590	-1 076 796
Sum driftskostnader		-1 936 080	-2 299 261
Driftsresultat		105 854	-277 777
Anna renteinntekt		431	343
Anna finansinntekt		74	683
Sum finansinntekter		505	1 026
Anna rentekostnad			-106
Anna finanskostnad		-48	
Sum finanskostnader		-48	-106
Netto finans		457	920
Ordinært resultat før skattekostnad		106 311	-276 857
Ordinært resultat		106 311	-276 857
Årsresultat		106 311	-276 857
Overføringer:			
Overføringer til/frå anna eigenkapital	7	106 311	-276 857
Sum overføringer og disponeringar	7	106 311	-276 857

Balanse pr. 31. desember 2017**Stiftelsen Telemarkfestivalen**

	Note	2017	2016
EIGEDLAR			
Anleggsmidlar			
Finansielle anleggsmidlar			
Investering i aksjer og andelar	4	16 000	16 000
Sum anleggsmidlar		16 000	16 000
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar		-2 525	
Andre fordringar		5 000	5 000
Forskotsbetalte kostnader			
Sum fordringar		2 475	5 000
Bankinnskot, kontanter og liknande	5	363 514	154 053
Sum bankinnskot, kontanter og liknande		363 514	154 053
Sum omløpsmidlar		365 989	159 053
Sum eignedelar		381 989	175 053

Balanse pr. 31. desember 2017
Stiftelsen Telemarkfestivalen

	Note	2017	2016
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	7	16 000	16 000
Sum innskoten eigenkapital		16 000	16 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkaptal	7	159 313	53 001
Sum opptent eigenkapital		159 313	53 001
Sum eigenkapital	7	175 313	69 001
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		48 973	24 828
Skuldig offentlege avgifter	5	31 884	28 772
Anna kortsiktig gjeld	6	125 820	52 452
Sum kortsiktig gjeld		206 676	106 052
Sum gjeld		206 676	106 052
Sum eigenkapital og gjeld		381 989	175 053

Bø i Telemark, 10/1 2018

Kristoffer Mosfjeld Dagleg leiar	Kristoffer Mosfjeld
Marit Svalastog Styreleiar	Marit Svalastog
Kristian W. Rantala Nestleiar	KWR
Gunn Kristin Leikvoll Styremedlem	Gunn Kristin Leikvoll
Mari Torvik Heian Styremedlem	Mari Torvik Heian
Else Børte Styremedlem (vikar)	Se informasjon i vedlegg!

STIFTELSEN TELEMARKEFESTIVALEN

Generelt

Telemarkfestivalen er, som ei verksemd med ideelt formål, friteken for skatt.

Note 1 Regnskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små verksemdar.

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidpunktet. Festivalen mottok offentlege tilskot, desse blir avgrensa og inntektsført i gjeldande periode. Tilskota vert ført brutto.

Klassifisering- og vurderingsprinsipp som er benytta:

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år, samt postar som er knytta til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjer og andre plasseringar

Investeringar i aksjer og andre plasseringar, som er vurdert som anleggsmidlar, er tatt med etter kostmetoden. Nedskrivingar er gjort enkeltvis dersom verkeleg verdi er lågare enn kostpris, og dette ikkje er av forbigåande art.

Fordringer

Kundefordringar og andre fordringar er bokført til pålydande med frådrag for avsetting til forventta tap.

Noter til årsrekneskapen for 2017

STIFTELSEN TELEMARKFESTIVALEN

Note 2 Offentlege tilskot

	<i>Tilsagn</i> <i>2017/2018</i>	<i>Inntektsført</i> <i>2017</i>	<i>Utbetalt 2017</i>	<i>Periodisert</i> <i>pr. 31.12</i>
Driftstilskot	850 000	850 000	850 000	0
Bestillingsverk 2018	80 000	0	80 000	80 000
Heilårsdrift 2015	0	0	9 000	0
Sum Norsk Kulturråd	930 000	850 000	930 000	80 000
Telemark fylke	125 000	125 000	125 000	
Bø kommune	99 500	99 500	99 500	
Andre kommunar	16 000	16 000	16 000	
Andre tilskot	81 537	81 537	81 537	
Sum andre off. tilskot	322 037	322 037	322 037	
Totale tilskudd	1 252 037	1 172 037	1 252 037	

Note 3 Lønskostnader, antall tilsette, godtgjørelser, lån til tilsette m.m.

	2016	2017
Lønskostnader	400 060	310 742
Arbeidsgjevaravgift	59 033	51 316
Pensjonsforsikring	5 364	6 068
Andre ytingar	3 929	3 710
Sum	468 386	371 836

Gjennomsnittlig antall årsverk: 0,8 0,8

Ytelser til leiande personar:

Løn dagleg leiar: 308 540 334 207

Anna godtgj dagleg leiar(fri tlf, pensjonspremie): 9 236 9 837

Honorar styreleiar: 0 0

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar for 2017 er kr. 29 175.

I tillegg kjem andre tjenester med kr. 1 125, totalt 30 300.

Stiftelsen Telemarkfestivalen pliktar å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Stiftinga si pensjonsordning tilfredsstiller krava i denne lova.

Noter til årsrekneskapen for 2017

STIFTELSEN TELEMARKEFESTIVALEN

Note 4 Aksjer og andelar

Stiftinga Telemarkfestivalen eig aksjer og andelar i følgjande selskap:

	<i>Tal</i>	<i>Pålydande</i>	<i>Bokført verdi</i>
Etnisk Musikkklubb AS	1	1.000	1.000
Norske Festivaler BA	1	5.000	5.000
Bø Lyd & Scene	1	10.000	10.000

Note 5 Bankinnskott

Av posten er kr 16 068 bundne midlar på skattetrekkskonto til dekking av forskotstrekk i løn til tilsette. Skuldig skattetrekk utgjør kr 16 062 pr. 31.12.2017.

Note 6 Anna kortsiktig gjeld

Påløpt arbeidsgjevaravgift	5 597
Påløpte feriepengar	39 699
Forskotsbetalt inntekt (Kulturrådet, bestillingsverk 2018)	80 000
<u>Anna kortsiktig gjeld</u>	<u>524</u>
 Sum anna kortsiktig gjeld	 125 820

Note 7 Eigenkapital

	<i>Grunnkapital</i>	<i>Annan eigenkapital</i>	<i>Sum</i>
Eigenkapital pr. 01.01	16 000	53 001	69 001
<u>Årets resultat</u>		<u>106 311</u>	<u>106 311</u>
<u>Eigenkapital pr. 31.12</u>	<u>16 000</u>	<u>159 312</u>	<u>175 312</u>

Til årsmøtet i
Stiftinga Telemarkfestivalen

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Telemarkfestivalen sin årsrekneskap som syner eit overskot på kr 106 311. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvise bilde av den finansielle stoa i stiftinga per 31. desember 2017, og av stiftinga sine resultat for rekneskapsåret som vart avsluttet per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarlig for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese ytterlegare informasjon med det formål å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande innhald vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og daglig leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og daglig leiar (leiinga) er ansvarlig for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarlig for slik intern kontroll som ho finner naudsynt for å kunne utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleghald eller utilsikta feil.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halda fram drifta og opplyse om tilhøve som er vesentlege for vurderinga.. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleghald eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerhet, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleghald eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom ein kan venta at han, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisors oppgåver og plikter syner ein til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra over, meiner vi at opplysningene i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynt etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er gjort i samsvar med lov, stiftinga sine mål og vedtektene elles.

Bø i Telemark, 10. januar 2018
REVISJONSSKAPET AS



Svein G. Foss
Registrert revisor



ÅRSMELDING TELEMARKFESTIVALEN 2017



Olav Sem og Nils Flatland gjekk bort i 2016. Dei vart hylla under årets opningskonsert! Foto: Knut Utler

1. SKILDRING AV 2017-FESTIVALEN

Telemarkfestivalen 2017 blei avvikla i tida 27. - 30. juli 2017. Den besto av om lag 35 arrangement som inneheldt konsertar, dansearrangement, spelemannsmøte, familiekonsert og tingingsverk. I tillegg arrangerte festivalen kvedarkurs, munnharpe og kurs i teledans, samt Torgfestivalen – ein festival i festivalen fleire aktivitetar for born, marknad, parade og gratiskonsertar.

Telemarkfestivalen har sidan 2006 arrangert konsertar heile året. I 2017 hadde festivalen ingen arrangement utanom sjølve festivalen. Det skyldast at støtta til konsertverksemd utanom sjølve festivalen frå Norsk Kulturråd har falt vekk, samt at eit stort underskot i 2016.



Telemarkfestivalen er ein internasjonal folkemusikkfestival som legg vekt på å fremje tradisjonell - så vel som nyskapande folkemusikk. Kvart år blir det lagt stor vekt på tingingsverk og urframføringar, noko som var representativt også for årets festival. I 2017 vart kvedar Jon Anders Halvorsen spurd om å skrive tingingsverket som fekk namnet «Langsmed Straumen».

Kursprogrammet i år omfatta eit kvedarkurs med 8 deltakarar, eit kurs i teledans med 10 deltakarar og eit kurs i hardingfele med 6 deltakarar. Det var også minikurs for born innanfor dans, kveding og sirkusaktivitetar. I tillegg hadde festivalen eit godt samarbeid med Telemark folkemusikksenters fordjupingskurs for unge folkemusikktøvarar.

Publikumsmessig var 2017 ein svært godt besøkt festival trass konkurranse frå andre festivalar og enkeltarrangement i umiddelbar nærleik – både geografisk og tid for avvikling.



UnnFOLK spelte konsert på Bø torg! Foto: Knut Utler



VIKTIGE HOVUDTREKK

- Om lag 4000 besøkande fordelt på 35 arrangement i løpet av helga. Konsertane var fordelt på fleire scener i Bø men med Gullbring kulturanlegg som hovudarena fredag og laurdag. Det vart enkeltkonsertar på Husly, Roxy kaffebar, Bø Senteret, Bø sjukeheim, Fjoset og i kinosalen. Tre større konsertproduksjonar blei avvikla i Gullbring. På Bø torg kunne publikum få vere på «Dansefest på Torget» på fredageb, samt oppleve ei rekkje gratis mini-konsertar frå fleire utøvarar laurdag ettermiddag som ein del av Torgfestivalen
- Tingsverket «Langsmed Straumen» laga av Jon Anders Halvorsen med muskarane Anders Erik Røine, Tore Bruvoll, Sondre Meisfjord og Christian Svensson.
- Under den tradisjonsrike Opningskonsert vart Olav Sem og Nils Flatland hylla med eit eget danseprogram.
- Fin samling av velkjende og meir ukjende utøvarar innanfor folkemusikksjangeren. Raabygg, Stian Dalen, Bogue Chitto, Kjorstad Brothers, Gulaza (Israel), PolkaBjørn og Kleine Heine, Ivan Drever (Skottland).
- Populært atthøyr med tingsverket frå 2001: «Nivelkinn».
- Festivalen retta søkjelyset mot den unike samansetjinga av folkemusikk og blues som me har i regionen med konserten «Bånnnull og bomull» framført av ei supergruppe sett saman i høve festivalen med Mattis Kleppen, Ottar Kåsa, Rita Engedalen, Anne Gravir Klykken og Daniel Eriksen.
- Festivalen heidra også Anund Roheim med nok ein Roheim-parade: ein Amcar-parade i Bøgata med spelemenn på kalesja. Bil og fele er to svært synlege element i Bø – mykje takka vere Anund Roheim.
- Torgfestivalen er ein festival i festivalen som i år fann stad på Bø torg. Her var det handtverksmarknad med om lag 35 utstillarar, gratiskonsertar og aktivitetar for store og små. Om lag 1500 menneske var innom torget i løpet av arrangementet.
- Den tradisjonsrike Borgjakonserten tok for seg historia til den organiserte hardingfeleopplæringa i Bø med Lars Ingar Meyer Fjeld og Johannes Sundsvalen som solistar. Konserten vart leia av Torgeir Straand.



Den israelske gruppa Gulaza begeistra. Foto: Knut Utler

2. TILLITSVERV/ ADMINISTRASJON

Styret har hatt følgende samansetjing:

Leiar:

Marit Svalastog: på val

Styremedlemar:

Kristian W. Rantala: ikkje på val

Gunn Kristin Leikvoll: på val

Else Børte: på val

Mari Torvik Heian: ikkje på val

Varamedlemar:

Morten Danielsen: på val

Feras Ayob: på val

Telemarkfestivalen
Gullbringvegen 34, N-3800 Bø
Telefon: 48 20 50 66
E-post: post@telemarkfestivalen.no
www.telemarkfestivalen.no
Org. nr. 974 236 966



Valnemnda har hatt følgjande samansetjing:

Ailin Aastvedt, leiar – på val

Annette Winkelmann – på val

Kjell Bitustøyl – ikkje på val

Administrasjon:

Kristoffer Mosfjeld vart tilsett som dagleg leiar i 80 % stilling frå januar til juni, og i 100 % stilling i juni, juli og august. Mosfjeld har vore ute i pappapermisjon i perioden 26. september til 4. desember. Ingebjørg Nordbø vart tilsett som festivalkoordinatør i eit engasjement frå juni til august. Marita Kristina Valkeinen vart tilsett som festivalmedarbeidar i eit engasjement frå juli til august.

3. ARBEIDET I STYRET OG NEMNDENE

Styret har hatt ca. 10 styre- og arbeidsmøte i meldingsåret. Som tidlegare år har det vore lagt ned ein stor dugnadsinnsats frå styremedlemer, varamedlemmar og andre frivillige. Telemarkfestivalen har ei gruppe frivillige som tek på seg oppgåver år etter år, og desse faste støttespelarane er av stor verdi for festivalen. I år var talet på frivillige ca. 150.

Teknisk og arrangement

Teknisk sett vart årets festival gjennomført på ein god og smidig måte til tross for mange scener. VL Audio og Bø Lyd og Scene sto for dei lydtekniske og lystekniske tenestene. Arrangement og Teknisk blei delt opp i tre undergrupper; sceneteknisk, rigge- og sjauengruppe, konsertansvar/vakthald. Teknisk nemnd sto ansvarleg for eit omfattande arbeid. Oppbygging av utescene og gjennomføring av ein omfattande konsertopplegg i Gullbring kulturanlegg blei gjennomført på ein god måte. Styret for Telemarkfestivalen er fornøgd med avviklinga av dei lyd- og lystekniske sidene ved arrangementa, og me tar med oss mykje lærdom og erfaring med tanke på å lage ein enda betre festival til neste år.

Dekor

Dekornemnda stod atter ein gong i brodden for utforminga av ein visuelt sett gjennomført arbeid. Dei rekrutterte inn nye medlemmer som kunne både graffiti og grafisk design, noko som gjorde festivalen godt. Det vart pynta opp med flotte detaljar og innslag av årets festivalfargar. Me hadde eit flott samarbeid med lokale barnehagar om å lage kunst til Bø torg, Evjudalen og Gullbring kulturanlegg. I tillegg vart installasjonar laga lokale kunstnarar sett ut i Evjudalen.

PR-tiltak

Festivalen fekk heilt nytt design, nye heimesider og ny logo i 2012. Festivalen valde å behalde den same grafisk profilen også i 2017. Programfolder og plakatar stod godt til kvarande. Programmet blei trykka opp i 5 000 eks og hovudplakaten vart trykka opp i 500 eks. I 2017 produserte me også eigen festivalavis som gjekk ut til alle husstandar i Midt-Telemark som vedlegg i ein fullistribusjon av Bø blad. Annonsebudsjettet var på om lag same nivå som i 2016. Festivalen fekk god merksemd i lokal og regional media. Telemarkfestivalen har likevel erfart at det må tyngre innsats til mot media for å

Telemarkfestivalen

Gullbringvegen 34, N-3800 Bø

Telefon: 48 20 50 66

E-post: post@telemarkfestivalen.no

www.telemarkfestivalen.no

Org. nr. 974 236 966



få uttelling. Samstundes må ein stadig utvikle seg å vere synleg på fleire plattformer. Dette er heilt naudsynt for at festivalen skal vere ein sentral og synleg aktør i festival-Norge også i framtida. Dette er ei stor utfordring for Telemarkfestivalen - både økonomisk og organisatorisk.

4. STIFTARAR OG DELTAKARAR

Desse var ved årsskiftet stiftarar og deltakarar i Stiftinga Telemarkfestivalen: Bø Museum, Bø Dansarring, Bø Juniorspelemannslag, Bø kommune, Bø Kunstforeining, Bø Musikkråd, Bø Skulemusikk, Bø Ungdomslag, FolkOrg, Nes Nasjonale Dansarring, Spelemannslaget Bøheringen, Telemark Kulturnettverk, Telemark Mållag, Høgskolen i Telemark - Institutt for kultur- og humanistiske fag, Høgskolen i Telemark - avd. for estetiske fag og folkekultur.

5. SAMARBEIDSPARTNARAR

Følgjande har ytt støttemidlar til festivalen i løpet av året; Norsk Kulturråd, Bø kommune, Notodden kommune, Nome kommune, Sauherad kommune, Telemark mållag, Sparebankstiftinga Bø, Sparebankstiftelsen Sparebank1, Telemark fylkeskommune, Norsk Musikkråd (KOMP-midlar), Rådet for folkemusikk og folkedans, .

Sparebank 1 Telemark har vore hovudsamarbeidspartnar og sponsor. Følgjande har vore større sponsorar; Bø blad, Midt-Telemark Energi, Sentrumsringen i Bø, Bø Senteret, Bø hotell, Buen Gruppen og Sønstebøtunet. I tillegg hadde vi samarbeids- og sponsoravtale med fleire lokale aktørar. Sponsorinntektene hadde ei auke på 25 770 kr frå 2016. .

Festivalen har elles et nært samarbeid med Gullbring kulturanlegg, som er eigar av kurs- og konsertlokala i Gullbring. Følgjande har vore samarbeidspartnarar som vertskap for konsertar og kurs; Gullbring kulturanlegg, Husly, Bø hotell v/Helge Solberg, Pizzafjoset, Bø Sjukeheim, Sønstebøtunet og Bø Senteret.

6. ØKONOMI 2017

Styret og dagleg leiar for Telemarkfestivalen noterer eit overskot for 2017-festivalen.

Rekneskopen syner eit overskot på kr 106 311,28,-. Festivalen har ein positiv egenkapital på kr 175 312,57,-.

Totale driftsinntekter utgjorde kr 2 041 934,88,-. Festivaltilskotet frå Norsk kulturråd utgjorde kr. 850 000,- av dette. Andre offentlege tilskot var på kr 322 036,55,-. Sponsor- og reklamestøtte kr 202 500,-. Billettinntektene var på kr 507 219,-. Totale driftskostnader utgjorde kr 1 936 080,20,-.

Stiftinga har fått tilsegn om støtte frå Kulturrådet på kr 1 000 000,- for 2018, noko som utgjer hovudgrunnlaget for drifta i 2018. I 2018 vil me framhalde eit sterkt fokus på kostnadskontroll med tanke på driftskostnader.



Uvisse knytt til inntektene i 2018 er fyrst og fremst i høve billettinntektene, og slik vil det nok alltid vere. I 2017 har posten for andre inntekter vore på same nivå som for 2016. Me har likevel eit potensial for å auke posten for andre inntekter ytterlegare i form av auka midlar frå sponsorar og målbevisst søknadsskriving.

Hausten 2013 utarbeida styret saman med dagleg leiar ein framtidig strategi med ein handlingsplan, der ein rekkje kvantitative og kvalitative mål innanfor festivalen kjerneområder festivalen vart lansert. Desse har vore retningslinjer og for verksemda i 2017, og dagleg leiar og styret vil i 2017 arbeide vidare med å realisere desse måla.

7. KUNSTNARISK FORNYING

Telemarkfestivalen har i 2017 vore representert på fleire spanande arrangement: musikkbransjetreffa By:larm, Folkelarm, og musikkfestivalane Vossajazz, Folkemusikkveka i Ål, Kongsberg Jazzfestival, Moldejazz og Notodden Blues Festival.

Festivalen abonnerar på svenske Lira, Bladet Folkemusikk og Musikk-Kultur, og held seg laupande orientert om kva som rører seg i folkemusikk-Norge.

Telemarkfestivalen har som mål om å vidareutvikle festivaladministrasjonen og leiinga som arrangørledd i lokal, nasjonal og internasjonal målestokk.

Telemarkfestivalen arbeider med å utvikle eit kompetansesenter for folkemusikk i Bø. Eit kompetansesenter for folkemusikk i Bø er meint å styrke fleire aspekt innanfor folkemusikken og vil omfatte fleire aktørar som saman bidrar med kompetanse på respektive områder. Foreløpig er desse aktørane Telemarkfestivalen, Telemark kulturnettverk, Telemark folkemusikklag og Folkemusikkarkivet i Telemark.

9. YTRE MILJØ

Styret meiner at stiftinga si verksemd ikkje forureinar det ytre miljø i vesentleg grad. Det vert utført kjeldesortering av alt avfall i samsvar med kommunale vedtekter.

10. ARBEIDSMILJØ

Jamfør gjeldande lover og føreskrifter fører selskapet oversikt over totalt sjukefråvær blant tilsette i stiftinga. I 2017 har det ikkje vore sjukefråvær av nemneverdig grad. Det er styrets oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på arbeidsplassen er god.



Bø i Telemark, 10/1 2018

Kristoffer Mosfjeld Dagleg leiar	Kristoffer Mosfjeld
Marit Svalastog Styreleiar	Marit Svalastog
Kristian W. Rantala Nestleiar	K. W. Rantala
Gunn Kristin Leikvoll Styremedlem	Gunn Kristin Leikvoll
Mari Torvik Heian Styremedlem	Mari Torvik Heian
Else Børte Styremedlem (vikar)	Se informasjon i vedlegg!



Vedrørende permittering av styremedlem

Arnhild Gjessing ba hausten 2016 om å bli permittert frå sitt verv som styremedlem i Stiftinga Telemarkfestivalen grunna svangerskap. Det vart innvilga, og ho er difor fritteke frå alle pliktar i sittande styre. Ho vil difor ikkje signere årsmøtedokumenta.

Ved årsmøtet 2017 vart Else Børte vart innstilt som vikar for Arnhild Gjessing fram til neste val. Else Børte måtte hausten 2017 trekkje seg frå styrevervet grunna alvorleg sjukdom. Ho vil difor ikkje signere årsmøtedokumenta.

Ved årsmøtet 2018 vil den opphavlege perioden til Arnhild Gjessing vere over, og valkomitèen vil då ha nominert eit nytt ordinært styremedlem innan årsmøtet.

Bø, 10.01.2018

Kristoffer Mosfjeld
Dagleg leiar

Marit Svalastog
Styreleiar